

Riving og oppføring av ny fritidsbustad, vedlegg 1.

Skriftleg utgreiing i s.m. førehandskonferanse «Sponeidholmen», Gnr.180 Bnr.9 (Vassbygdvegen 637)

I samband med at underteikna overtok Vassbygdvegen 637 etter far og onkel, ønskte vi å oppgradere bygget slik at det er meir eigna som fritidsbustad. Fritidsbustaden er oppført i 1948 av farfar med enkel standard på ringmur av naturstein på terrenget og er særslig utsatt for flaum med vanninntrenging i periodar med mykje nedbør. Siste skadesak i s.m. flaum er registrert i 2014. Vedlegg 2, situasjonsbilete ved høg vannstand. Flaum, og bjelkelag som i praksis ligg rett på bakken, fører til at det er særslig fuktig i bustaden store delar av året. Det fører til nedsett bruksverdi og bruksglede av bygget.

I hovudsak ønskte vi å heve bygget for å unngå fukt og flytte toalett frå naust og inn i hovudbygget. Eigne peilingar av grunntilhøve rundt bygget viser at det er meir enn 2,5 meter ned til fast grunn. Det er såleis under vannivå til ein kvar tid. Difor kan ein anta at å etablere solid fundament for eksisterande/oppgradert bygg blir krevjande, kostbart og ikkje rekingssvarane i f.t. framtidig auka bruksverdi.

Vi ser difor på høve til å rive bustaden slik den står i dag og etablere ny bustad på bergrygg som strekker seg frå søre spissen av holmen og på skrått mot nordaust. Då vil ein kunne etablere solid fundamentering i eit nivå som ikkje vil vera utsatt for flaum. Arealet på totalflate for nytt bygg anslått til ca. 50m² (inkl. eventuelle overbygd terrasse, svalgang).

I forhold til standard på ny bustad vil vi fortsatt ha enkel standard utan innlagt straum og vatn. Det er spreidde fritidsbustader rundt Tveitavatnet i dette området, men det ligg ikkje føre planar om utvikling av fritidsbustad-område slik vi kjenner til. Vi ser det difor ikkje som rekingssvarande å etablere infrastruktur som veg, vatn, kloakk og elektrisitet kun for dette bruket.

16.februar 2017

Tarjei og Heine Alvær Heggernes